



Valle Kommune

KOMMUNAL PLANSTRATEGI

VALLE KOMMUNE 2020-2024



Vedteke i kommunestyret 16.12.2020, sak 102/2020.

Innhold

1. BAKGRUNN	3
1.1 Om kommunal planstrategi.....	3
2. KOMMUNENS UTVIKLINGSTREKK	4
2.1 Befolkningsutvikling og samansetning	4
2.2 Sysselsetting og næringsliv.....	5
2.3 Levekår og helse	7
2.4 Klimagasser.....	8
3. EKSTERNE HØVE	9
3.1 Internasjonale høve.....	9
3.2 Nasjonale høve	10
3.3 Regionale høve	12
4. FOKUSOMRÅDE	13
5. DRØFTING AV PLANBEHOV	15
6. PRIORITERT PLANARBEID 2020-2023	16


Forsidefoto: Kulturpatrulja sin turnéplan sommaren 2014, Valle kommune

1. BAKGRUNN

1.1 Om kommunal planstrategi

Planstrategien skal gi ei oversikt over planer kommunen vil utarbeide eller revidere i løpet av perioden. Dette gjeld alt av sektorplanar innan helse, omsorg, oppvekst, folkehelse og så vidare. Planstrategien skal og ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast, og eventuelt kva for deler av kommuneplanen som skal reviderast. Planstrategien skal og gjere greie for kommunens utfordringar og utviklingstrekk, og vurderer behovet for planar i lys av dette. Men planstrategien er ikkje ein plan, og skal difor ikkje vere ein arena for å vedta mål og strategiar.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi hente inn synspunkt frå statlege og regionale styresmakter og nabokommunar.



Figur 1: Samanhengen mellom kommunal planstrategi og andre kommunale planar. Kjelde: Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin vegleiar for planstrategi.


2. KOMMUNENS UTVIKLINGSTREKK

I det følgjande er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk for Valle som samfunn.

2.1 Befolkningsutvikling og samansetning

Befolkningsutviklinga er ein av dei viktigaste faktorane for kommunens aktivitet. Både totalendringa i innbyggjartal og alderssamansetning er avgjerande for planlegging av framtidig tenestetilbod.

Kommunen har i mange år hatt ein svakt fallande befolkningskurve



Figur 2- Befolkningsutvikling 1963-2014, Kjelde SSB


Når det gjeld aldersfordeling har det dei seinare åra vore auke i aldersgruppene over 67 år, mens det har vore nedgang i dei yngre aldersgruppene. Talet på nyfødde har auka litt. Det store fallet frå 2018 heng saman med at mange flyktningar som har budd i Valle flytta ut igjen.

	2016	2017	2018	2019	2020
0 - åringar	7	15	7	8	10
Barnehage (1-5 år)	47	47	57	48	44
Grunnskole (6-15 år)	149	151	146	130	129
Vidaregåande (16-19 år)	78	71	67	57	53
Vaksne (20-66 år)	755	746	724	685	689
Eldre (67-79 år)	141	153	167	168	173
Eldre (80-89 år)	44	44	42	44	50
Eldre (90 år og eldre)	21	19	15	16	16
Totalt	1 242	1 246	1 225	1 156	1 164

Tabell 1- Befolkningsutvikling 1963-2014, Kjelde SSB

Det er ikkje mogleg å seie sikkert korleis befolkninga vil utvikle seg framover. SSB lagar prognosar for alle landets kommunar.


Nedanfor er SSBs framskriving for Valle dei komande åra. Prognosen er laga i 2019. Når vi no har fasiten for 1. januar 2020 ser vi at det var eit avvik i fyrste året, ettersom det faktiske folketalet var 1164. Vi veit av erfaring at slikt som flyktningar kan slå stort ut på statistikken.



Figur 3- Befolkningsutvikling 1963-2014, Kjelde SSB

2.2 Sysselsetting og næringsliv

Av utkast til regionalt planprogram for Agder går det fram at Valle kommune har relativt høg sysselsetting samanlikna med fleire av dei andre kommunane i Agder. Heile 77% av dei i arbeidsfør alder var i 2018 sysselsett.



Figur 4: Kartet viser sysselsetting på Agder i 2018. Kjelde: SSB, Agdertall

Til å vere ein liten kommune er Valle sitt næringsliv relativt allsidig. Det er ikkje ei næring aleine som dominerer. Talet tilsette fordelt på dei ulike sektorane er vist nedanfor:

Næring, alle sektorar	2016	2017	2018	2019
Jordbruk, skogbruk og fiske	27	24	33	33
Sekundærnæringer	206	196	175	175
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finans., forretningsmessig tjen., eiendom	115	111	117	109
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	47	47	43	41
Undervisning	64	64	61	58
Helse- og sosialtjenester	104	91	93	91
Personlig tjenesteyting	25	31	28	35
Uoppgitt	8	4	5	8
Sum	596	568	553	549


Tabell 2: Kjelde SSB

Det er flest tilsette i sekundærnæringer. Her er bygg og anlegg størst med heile 108 arbeidsplassar i 2019. Både bygg- og anlegg, og varehandelen nyt godt av hyttebygginga i kommunen. Handelsnæringa nyt og godt av dei som er på gjennomreise. Den største sysselsettaren er kommunen sjølv.

Ein legg merke til at talet på arbeidsplassar har gått ned i perioden 2016 til 2019. Men tar ein i betraktning at talet på personar i arbeidsfør alder (20-66 år) også har gått ned er ikkje dette dramatisk. I perioden forsvann 47 arbeidsplassar samstundes med at det blei 66 personar færre i arbeidsfør alder.

2.3 Levekår og helse

Statistikk for levekår og helse er henta frå Agdertall 2019¹. Valle skil seg positivt ut når det gjeld opplevd tryggleik og kommunen har lite kriminalitet. I endå større grad enn for resten av Agder føler innbyggjarane tilhøyrse til staden dei bur. Mange oppgjer å ha høg trivsel, og talet ungdommar som har psykiske problem er noko lågare enn for resten av Agder. Sjølv om mange har det bra er det likevel også dei som ikkje har det så bra, og som treng oppfølging og støtte frå kommunen.



Figur 5: Andel ungdomsskuleelevar som har et høyt nivå av psykiske plager.

Det er ein relativt liten del av befolkninga som har universitetsutdanning, men talet som kjem seg gjennom vidaregåande skule er høgt. Heile 100 % av avgangselevane i vidaregåande skule fekk bestått i 2019.

Ungdomen i Valle er mindre fysisk aktive og færre driv med organisert idrett enn i resten av Agder. Det er likevel slik at fleire av ungdommane i Valle er fornøgd med eiga helse enn i resten av Agder.


Valle kommune har høgast barnehagedekning i Agder og barnehageplassane brukast. Av Agdertall går det fram at heile 104% av barna i alderen 3-5 år hadde barnehageplass. Dette må bety at nokre av barna er folkeregistrert i ein annan kommune enn Valle.

På likestilling går Valle kommune føre med fleire kvinner enn menn i leiande kommunale stillingar. Agdertall bruker parten kvinner i deltidstillingar som eit mål på likestilling. Her scorar Valle om lag som snittet på Agder ved at omkring 50% av alle sysselsette kvinner arbeidar deltid.

¹ Agdertall er statistikk satt saman og presentert av Agder fylkeskommune.

2. 4 Klimagasser

Valle kommune har sidan 2009 hatt ein nedgang i klimagassutslepp. Nedgangen har vore særleg stor frå vegtrafikken, noko som truleg har samanheng med fleire elbilar. Kommunane i Setesdalen har lagt til rette med god ladekapasitet.



Figur 6- Klimagasser i tonn CO2-ekvivalentar 2009-2017, Kjelde SSB

3. EKSTERNE HØVE

Internasjonale, statlege og fylkeskommunale høve påverkar Valle. Dette må ein ha med når kommunen skal ta stilling til kva for kommunale planar det er behov for framover. Nedanfor er det laga ei oversikt over slike høve som enten påverkar i dag, eller er venta å påverke Valle kommune i framtida:

3.1 Internasjonale høve

Internasjonal økonomi

Internasjonale økonomiske svingingar har stor innverknad på Norge. I augeblikket er det nedgangstider som følgje av korona-pandemien. Dei langsiktige verknadane er usikre.

Klimaendringar

Det har i lang tid vore internasjonalt fokus på å forhindre klimaendringar så godt ein kan, og å avgrense skadane så mykje som mogleg. Klimaendringane påverkar både statleg og kommunal politikk i Norge.

Internasjonal turisme

Den internasjonale turismen har hatt sterk vekst i fleire år. Dei siste ti åra har det særleg vore ei stor auke i internasjonale turistar som besøker Norge. Desse turistane har stor kjøpekraft, og er i stor grad ute etter å oppleve norsk natur og kultur. Internasjonal turisme er viktig for Valle og bidrar til å forlengje skuldersesongane.

Kultur – Setesdalskulturen på UNESCO liste

I 2019 blei Setesdalskulturen teken opp på UNESCO si representative liste over verdas immatrielle kulturarv. Dette inneber at dans, spel, kveding og stevjing frå Setesdalen får internasjonal merksemd. Denne statusen kan inneber at Valle kan få fleire turistar og besøkjande.

Flyktningar

Dei siste åra har det vore ei stor auke i flyktningar frå krigsherja områder. Det er venta at klimaendringar fører med seg at ein i åra som kjem også vil få ei stor auke av folk som flyktar fordi stadene dei bur blir ulevelege på grunn av flaum eller tørke. Truleg vil Noreg ta imot sin del av flyktningane.

Pandemi

I år opplev verda ein pandemi ein ikkje har sett maken til sidan Spanskesjuka for 100 år sidan. På kort sikt påverkar dette reising, turisme og økonomien sterkt. Korleis effektane vil vere i åra framover er uvisst.

3.1 Nasjonale høve

Nasjonale utviklingstrekk og politikk legger rammar for utviklinga av kommunane. Nokon av dei viktigaste for Valle er lista nedanfor:

Norges befolkning blir stadig eldre

Talet på personar over 70 år er venta å stige kraftig dei komande åra, medan talet på personar i arbeidsfør alder ikkje stig tilsvarande. Dette inneber at det blir fleire som vil ha bruk for helsetenester, mens det blir færre til å betale for dei. Det vil og bli krevjande å få tak i nok helsepersonell. Regjeringa har satt i verk reforma «Leve hele livet». Reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei treng det. Kommunane har ei sentral rolle med å gjennomføre reforma.

Kommunane får eit breiare ansvar for oppvekst

Kommunane får framover eit breiare ansvar for oppvekst. Barnevernsreforma trer i kraft 2022. Dette inneber at kommunane får auka finansieringsansvar for barnevernstiltak og uka ansvar for fosterheimar. Målet med reforma er mellom anna at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og forbygging, og at ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv. Regjeringa arbeider og starta arbeidet med ei likeverdsreform som skal gjerne kvardagen enklare for familiar med barn med behov for samansette tenester. Også her må ein rekne med at kommunane vil måtte ha ei sentral rolle i gjennomføringa.

Oljeinntektene er forventna å gå ned

I kommuneproposisjonen 2019² sender Regjeringa signal om at vi ikkje kan bruke like mykje oljepengar framover. Dette vil kome til å ha innverknad på kommunanes økonomi.

Digitalisering

For å møte dei store utfordringane vil regjeringa satse på effektivisering og digitalisering av offentleg sektor. God og stabil digital infrastruktur blir berre viktigare framover.

Kommunane som næringsutviklar

I kommuneproposisjonen frå 2019 meiner regjeringa at kommunane må ta ein større rolle som næringsutviklar. Som eit døme nemnes det at kommunane kan leggje til rette gjennom utvikling av infrastruktur og effektive planprosessar.

Kraftpolitikk

² Prop. 88 S (2017-2018)

Valle har i dag store inntekter frå vasskraft. Kraftskatteutvalet foreslo i 2019 at kraftkommunar bør få mindre utbytte av vasskrafta. Saman med 170 andre kommunar i Landssammenslutningen av vasskraftkommuner (LVK) jobba Valle for å stoppe forslaget. Vasskraftkommunane lykkast og forslaget blei ikkje vedteken. Men ordninga er stadig under press. Ein ser ikkje for seg at det vil bli bygd store nye vasskraftverk Norge dei komande åra, men Norge førar ein politikk som opnar opp for utbygging av småkraftverk.

Ein har frå statleg hold i lang tid tatt til ordet for utbygging av meir vindkraft, som kan supplere vasskrafta. Så langt har ikkje dette vore aktuelt i Valle, mykje på grunn av landskapsvernområda.

Arealpolitikk og vern

Store areal i Valle kommune er i dag verna i ulike planer, mellom anna Verneplan for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane. I tillegg er Tovdalsvassdraget og Njardarheim verna. Nyleg har og Riksantikvaren foreslått at Kyrkjebygda, Rygnestad-Flateland og Vallebygd får status som *kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA)*. Kommunestyret vedtok i møte 27.05.2020, sak 31/2020, høyringsuttale der ein er positiv til framlegget om framtidig KULA register.

Ulike planar som legg bergensane føringar for arealbruken i Valle kommune:

- Njardarheim verna vassdrag 1. verneplanen, 1973
- Tovdalsvassdraget, 2010
- Rikspolitiske retningslinjer verna vassdrag ,1994
- Setesdal Vesthei landskapsvernområde, 2000
- Kyrelitjønn naturreservat 1986, Naturmangfaldlova
- Regionalplan villrein (Setesdal vest og austhei) fylkestinget 2012. dep 2014 handlingsprogrammet 2015 – 18. Regionplan etter Pbl
- Regionplan vannforvaltning 2016 – 2021. Regionplan etter pbl.

At områder i Valle er verna betyr at ein tek vare på nasjonale verdiar for framtida. Men det reduserer samstundes moglegheiter for utbygging og aktivitetar i deler av kommunen.

Transportpolitikk

Hovudåra gjennom Setesdal er riksveg 9. Kva slags prioriteringar Staten gjer med høve til vegen har stor betydning for Valle. I Nasjonal transportplan 2018-2029 er strekninga frå Bygland til Hovden omtalt som utbetningsstrekning. Strekninga byggast ut trinnvis og per 2020 manglar 28 km gul midtlinje. Ein anna viktig veg er Fv450 Ålgård-Høydalsmo, som knyt Valle til Rogaland og Telemark. Strekninga Brokke-Suleskar er berre open i sommarhalvåret medan strekninga Rotemo-Høydalsmo er heilårsveg.

3.3 Regionale høve

Den 1.1 2020 blei Aust-Agder og Vest-Agder slått saman til eit fylke. Samstundes fekk fylkeskommunane større ansvar for vegnettet. Dette betyr at fylkeskommunens politikk blir viktigare enn før. Geografisk har Setesdalen ein sentral plass midt i det nye fylket. Dei viktigaste strategiske dokument med betyding for Valle er:

Regionplan Agder 2030

Planen blei vedtatt i 2019 av fylkestinga i Vest-Agder og Aust-Agder, og er det viktigaste overordna styringsdokumentet for utviklinga av Agder. Planens hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 og eit attraktivt lågutsleppsfunn med gode levekår.

Dette skal ein få til ved å å:

- bruke heile Agder, og sørgje for at utviklinga kjem alle deler av Agder til gode
- samarbeide om å nå FN's berekraftsmål på regionalt og lokalt nivå
- jobbe kunnskapsbasert og målretta for å forbetre levekåra gjennom ein langsiktig og heilskapleg levekårsatsing
- redusere klimagassutslepp på Agder med minst 45 prosent innan 2030
- gjere nytte av moglegheitene som digitalisering gir.

Valle kommune legg Regionplan Agder til grunn for sitt planarbeid.

Regional planstrategi for Agder 2020-2024.

Noko av det fyrste Agder fylkeskommune har gjort er å starte arbeidet med ein regional planstrategi. Utkast til regional planstrategi var på høyring våren 2020 og blei andregongshandsama i fylkesutvalet 6. oktober 2020. Dei vedtok då at dei komande åra skal fylkeskommunen utarbeide fylgjande planar og strategiar

- Aktive liv i Agder – Regional plan for fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og folkehelse*
- Regional plan for naturmangfold*
- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Agder (revisjon)*
- Regional plan for handel og senterstruktur i Agder*
- Regional plan for mobilitet Agder 2030*
- Regionplan Lister 2030 (revisjon)*
- Frivillighetsstrategi*
- Tannhelsestrategi*
- Energistrategi for Agder*
- Skolebruksplan for Agder*
- Strategi for kulturarv 2030*
- Handlingsprogram for fylkesveger 2021–2024*
- Eventuelt ny revisjon av Regional plan for Kristiansandsregionen 2019–2050*
- Eventuelt Strategi for høstbart vilt og høstbar innlandsfisk*
- Eventuelt Strategi for grunnopplæringa i Agder*
- Eventuelt en smart spesialiseringsstrategi for Agder*

Valle kommune gav høyringsuttale til planstrategien og råda til at fylgjande vert tatt med i tillegg:
-Regionplan for Setesdal (same type som for Lister)
-Revisjon av Regionplan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
-Språkbruksplan for Agder

Fylkeskommunen fann ikkje å kunne prioritere desse planane.

4. FOKUSOMRÅDE

I arbeidet med planstrategi er det identifisert tolv områder som ein vil har fokus på.

1. Innbyggartal

Valle vil jobbe for å oppretthalde folketalet. Det er særleg viktig å halde på og tiltrekke seg unge innbyggjarar for å få ein meir balansert befolkningssamansetning.

2. Arbeidsplassar

Valle vil jobbe for å halde på arbeidsplassane ein har i dag og samtidig skape nye arbeidsplassar.

3. Kultur

Valle og Setesdalen har ein heilt unik kultur. Gjennom satsing på kultur kan ein skape nye arbeidsplassar og få fleire besøkande. Dette gjelde både den levande kulturen, kulturminne og kulturhistoriske landskap.

4. Infrastruktur

Valle vil satse på vidare utbetring av riksveg 9 Kristiansand-Hovden og fylkesveg 450 til Ålgård-Høydalsmo. Desse er viktige transportårer frå, til og gjennom Valle. Riksveg 9 har status som nasjonal turistveg. Dette vil Valle utnytte for å auke turismen.

5. Hyttefolk som ressurs

Valle har mange hytter. Kommunen vil legge til rette for vidare hyttebygging og for å ta i bruk hytteeigaranes kjøpekraft og fritid.

6. Kraftinntekter

Inntektene kommunen har frå skattar og konsesjonsordningar er svært utsette og svingande. Kommunen vil jobbe for å behalde inntektene. Valle kommune har sidan 1977 vore medlem av Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar. Dette har vore og må være Valle sin og alle vasskraftkommunar sin interesseorganisasjon og i framtida.

7. Rekruttera, utvikle og holde på kompetanse

Valle vil ha fokus på rekruttering og å kunne tilby attraktive heile stillingar. Godt samarbeid med nabokommunar blir og viktig, samt at kommunen er organisert slik at kompetansen blir effektivt utnytta.

8. God oppvekst for alle

Valle kommune vil satse på tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet for å gi barna våre meistring og motivasjon. Gode forhold for oppvekst gjer det attraktivt for barnefamiljar å bu i Valle.

9. God fysisk og psykisk helse

I samfunnet generelt er det stadig fleire som slit med psykisk helse. Psykisk og fysisk helse heng tett saman. Framover vil ein jobbe for å styrke begge delar.

10. Utjamne sosiale forskjellar

I samfunnet ser ein generelt auka sosiale forskjellar. Dette gjer at nokon fall utanfor, og ikkje får same moglegheiter til å delta som andre. Valle kommune vil jobbe for å utjamne sosiale forskjellar.

11. Inkludering

Inkludering førar til trivsel og ønske om å bli buande i Valle. Inkludering motverker og psykiske og sosiale problem.

12. Klima og berekraft

Klimaendringar påverkar Valle på mange vis, mellom anna auka flaum- og rasfare. Valle må tilpasse seg klimaendringane, og samtidig gjere ein innsats for at klimagassutslepp reduserast.

5. DRØFTING AV PLANBEHOV

Noverande kommuneplan er frå 2016. Forholda i kommunen har ikkje endra seg veldig mykje sidan 2016. Ein revisjon av kommuneplanen krev stor ressursbruk. Valle kommune vil heller rette fokus og ressursar mot tema kor ein ser det er konkrete behov i den kommande fireårsperioden. På arealsida er det behov for å sikre sti og løypetrasear gjennom plan- og bygningslova. I staden for å oppdatere heile kommuneplanens arealdel vil ein heller utarbeide ein eigen kommunedelplan for løyper.

Nokon av dei største utfordringane dei næraste åra er å svare opp nasjonale reformar for oppvekst og eldre (Barnevernreforma og Leve hele livet). Felles for begge reformer er at ein skal tenke meir heilskaplege rundt oppvekst og alderdom og i større grad rette innsatsen mot førebygging. Dette krev at kommunane finn løysingar på tvers av fagsektorer, og at ein må bruke ressursane meir effektivt.

Valle vil løyse dette med å lage heilskaplege planar for oppvekst, og for helse og omsorg.

Aktuelle tema i ein heilskapleg plan for oppvekst kan vere:

- Tidleg, tverrfagleg og rett innsats i heile oppvekstløpet
- Systematisk arbeid for å fremje god fysisk og psykisk helse blant barn- unge
- Likestilling, inkludering og mangfald (LIM)
- Utjamning av sosial ulikheit
- Eit variert og inkluderande kultur- og fritidstilbod
- Barn og unge blir spurt, høyrd og tatt på alvor
- Frivillig innsats

Aktuelle tema i ein heilskapleg plan for pleie og omsorg kan vere:

- Stadfeste korleis Valle vil bidra til å realisere reforma «Leve hele Livet og framtidsetta tenester
- Systematisk arbeid for å fremme god fysisk og psykisk helse i den vaksne befolkninga
- Eit variert og inkluderande kultur- og fritidstilbod
- Likestilling, inkludering og mangfold (LIM)
- Samarbeid med brukar, pårørande og nettverk
- Frivillig innsats
- Digitalisering og velferdsteknologi
- Grunnlag for bustadpolitisk plan

Ein anna plan som bør takast opp er å få laga ein ny/oppdatert klimaplan. Noverande plan er gammal og det kan vere klokt å ta ei ny gjennomgang av tema klima og bærekraft. Dette vil Valle kommune utarbeide dersom ein lukkas i å få støtte til arbeidet. Det er og behov for å utarbeide ein trafikktryggleiksplan. Med bakgrunn i ein slik plan kan kommunen søkje om midlar til trafikkeringstiltak.

6. PRIORITERT PLANARBEID 2020-2023

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over alle planar det skal jobbast med, eller som skal vidareførast i inneverande politiske periode. Kryss i tabellen viser når ein planlegg å arbeide med planane.

Plan	2020	2021	2022	2023	Merknad
Overordna planar					
Heilskapleg plan for oppvekst		X	X		Ny
Heilskapleg plan for pleie- og omsorg		X	X		Revisjon
Økonomi og handlingsplan	X	X	X	X	Reviderast kvart år
Hovudplan for vatn og avlaup	X	X			Revisjon
Temaplanar					
Berekraft og klimaplan			X*		Revisjon
Trafikktryggleiksplan	X	X			Revisjon
Plan for kulturminne – Rotfest framtid	X				Vedtatt 2020
Bustadpolitisk plan			X		Revisjon
Plan for idrett og fysisk aktivitet	X	X			Revisjon
Motorferdsleplan	X				Revisjon
Kommunedelplan for løyper		X			Ny
Ruspolitisk handlingsplan	X				Vedtatt 2020
Plan for kommunal kriseleing					Vidareførast
Interkommunale planar					
Heilskapleg ROS plan for Setesdal	X				Vedtatt
Digitaliseringsstrategi for Setesdal	X				Vedtatt
Beredskapsplan for helsetenesta i Bykle og Valle	X	X			Revisjon
Pandemiplan					Vidareførast
Smittevernplan					Vidareførast

*Avhengig av økonomisk støtte frå Klimasats eller andre.